



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Møteinkalling

Utval: Fitjar sokneråd

Møtestad: Fitjar rådhus, kyrkjekontoret

Dato: Torsdag 24. mai 2018

Tid: Kl. 19.00 **Merk tida**

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

Innkallinga er sendt til:

| Namn | Funksjon |
|---------------------------|----------------------------------|
| Sigrid Marie Fangel | Leiar |
| Gunnvald Aarbø | Nestleiar |
| Helga Olsen Aadland | Medlem N.B. Ord for dagen |
| Terje Havro | Medlem |
| Mette E. Lambach | Medlem |
| Bodil Nesse | Medlem |
| Rasmus Fitjar | Medlem |
| Sindre Aarbø | Medlem |
| Fridleif Lydersen | Sokneprest |
| Sigurd Andre` Maraas | Kommunal representant |
| Peder Rygg Drønen | 1. varamedlem |
| Arne Prestbø | 2. varamedlem |
| Solbjørg Larsen Tverderøy | 3. varamedlem |
| Tove Helen Løland Aarskog | 4. varamedlem |
| Åse Rygg H. Nøttveit | 5. varamedlem |
| Svein Arne Theodorsen | Vara for soknepresten |
| Agnar Aarskog | Vara for kommunal representant |

Fitjar, 18. mai -2018

Sigrid Marie Fangel Harald Rydland

Soknerådsleiar Kyrkjeverje

Sakliste:

Saksnr. Tittel

**Sak for communal
representant**

- | | | |
|---------|---|---|
| S-25/18 | Kyrkjelydsprest/barne og ungdomsprest orienteringssak | X |
| S-26/18 | Årsplan for kyrkjelyden | X |
| S-27/18 | Referat frå sist møte | X |
| S-28/18 | Meldingssaker | X |
| S-29/18 | Open post | X |
| S-30/18 | Uttale i tilsetjingssak som gjeld sokneprest (vikariat) | |
| S-31/18 | Arrangement i kyrkja sin regi | |
| S-32/18 | Gudsteneste- offerliste for hausten 2018 | |



Sak 25/18: Kyrkjelydsprest/barne og ungdomsprest (vert behandla i lukka møte)

Då søknadsfristen for stillinga som kyrkjelydsprest/barne- og ungdomsprest i Fitjar gjekk ut, var det komme inn to søknader. Desse var frå:

1. Elin Underhaug Kanu
2. Nobuazu Imazu (søkjer om 70 – 80 % stilling)

Etter at søknadsfristen gjekk ut har me fått melding frå Elin Underhaug Kanu om at ho har teke i mot tilbod om ein anna stilling, slik at ho ikkje lenger er søker i stillinga i Fitjar. Nobu står då att som einaste søker. Han er kalla inn til intervju den 1. juni.

Meir informasjon om saka vert lagt fram i møtet.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.

Sak 26/18: Årsplan / plan for arbeidet i kyrkjelyden

På førre møte kom soknerådet eit stykke vidare med planen som ein vil laga for å ha oversikt over arbeidet som føregår i kyrkjelyden. Målet bør vera at planen, etter at den er ferdig, kan rullerast slik at den til ei kvar tid er aktuell og relevant å styra etter.

Soknerådsleiaren ynskjer at rådet kan brukar litt tid på denne planen på kvart møte framover. Etter at ein har gått gjennom dei ulike emna som skal vera med i planen, vil ein til slutt ha eit komplett dokument å styra etter.

Soknerådsleigaren vil orientera nærmere om saka og leia debatten i soknerådet.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.

Sak 27/18: Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 19. april 2018 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Det endelege referatet er å finna på heimesida til Fitjar kyrkje. Denne lenka fører fram til referatet:

<https://kyrkja.no/globalassets/fellesrad/fitjar/diverse/motereferat-s3--19042018.pdf>

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 19. april 2018.

Sak 28/18: Meldingssaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Samrådingsmøte på Fitjar Bedehus, evt. nye tiltak
2. Gudstenesteutvalet, evt. nye medlemer
3. Inspirasjonssamling for soknerådet og staben til hausten
4. Sommaravslutning for soknerådet

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 29/18: Open post

Sak 30/18: Uttale i tilsettingssak som gjeld sokneprest (vert behandla i lukka møte)

Då søknadstiden for vikariatet som sokneprest i Fitjar gjekk ut var det komme inn tre søknader. Desse var frå:

1. Árnadóttir, Jarþrúður (29) K Ungdomsleiar 600 Akureyri, Island
2. Lydersen, Fríðleif (41) M Fungerande sokneprest i Fitjar sokn 5414 Stord, Norge
3. Drønen, Roald (64) M Sokneprest Bømlo, 5419 Fitjar, Norge

Fridleif Lydersen og Roald Drønen er kalla inn til intervju på bispedømekontoret den 24. mai. Soknerådet har fått invitasjon til å delta på intervjuet med to representantar. Leiar Sigrid Fangel vil reisa, og får ein av medlemene i soknerådet med seg.

Etter intervjuet er den vidare saksgangen slik:

- Soknerådet og presteforeningen må komma med uttale før 30. mai
- Innstillingsrådet i bispedømet skal gje sin uttale
- Bispedømerådet føretar tilsetting i sitt møte den 15. juni

Frå bispedømekontoret har me fått tilsendt slike retningsliner for behandling av saka i soknerådet:

Retningsliner for handsaming i soknerådet

På bakgrunn av tilsendte søknadspapir, intervjureferat og referansar skal soknerådet lage ei prioritert uttale. Stemmegjeving i tilsettingssaker bør skje, som ei vanleg fleirtalsvotering, med prioritert votering på nr. 1, 2 og 3. For også å sikre interessene til eit mindretal i soknerådet skal alle stemmetal førast på.

Soknerådsuttalen vert ført i møtebok med opplysingar om stemmetal for dei som rådet har foreslått.

Dersom soknerådet vel å ikkje gi uttale, skal det vedtaket sendast vidare til prost. Det er ikkje krav til grunngjeving av uttalen. Ei grunngjeving vil styrke grunnlaget for uttalen i tilsettingsprosessen.

Søkjrarar som vert kalla inn til intervju har rett til å få vite kva plass dei er innstilt på. Dei har ikkje innsyn i grunngjevinga for vedtak.

Vi tilrår at soknerådet følgjer same praksis som bispedømerådet med å makulere alle referanseskjema og intervjureferat etter at saka er avslutta.

Dersom papira ikkje ligg føre innan dei fristar som er sett, vil tilsettinga måtta venta til neste møte i bispedømerådet. Alle instansar har fått ein kopi av søknaden, og utvida søkerliste.

Referat frå intervju og referansar vert ettersendt til dei som var med på intervjuet.

Mal for intervju og referansar ligg ved.

For ordens skyld gjer vi oppmerksam på dei regler som gjeld offentlighet i tilsettingssaker. Vi viser til offentliglova §25 og Forvaltningslova §13 om taushetsplikt. Forskrift til forvaltningsloven kap. 5 gjeld ved tilsetting. Søkerliste (namn, alder, adresse, stilling) er offentlig. Det kan vere søkerarar som ikkje ønsker namnet sitt offentliggjort. Dette vil gå fram av utvida søkerliste, og skal respekterast. Sjå også personalreglementet for prestar i Den norske kyrkja. Det finn ein ved å sjekke på sidene til www.kyrkja.no/bjorgvin

Dei uttalene som soknerådet og prost gjev, er ikkje offentlege.

Representantane frå rådet som har vore med på intervjuet i Bergen og kyrkjeverja vil leggja fram meir informasjon om saka i møtet.

Framlegg til vedtak:

Vedtak vert utforma i møtet.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 31/18: Arrangement i kyrkja sin regi

Sidan sist møte har det vorte halde fleire arrangement i kyrkja sin regi, slik som vårdugnad på kyrkjegarden, konfirmantfest, konfirmasjon, 17. mai, m.m. Det kan vera greitt om soknerådet tek ei lett evaluering av desse arrangementa. Soknerådet bør og sjå på kva som skal arrangerast i nærmeste framtid for å sjå til at planlegging og gjennomføring er sikra på ein god måte.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.

Sak 32/18: Gudsteneste- og offerliste for hausten 2018

Sokneprest Fridleif Lydersen har i samråd med gudstenesteutvalet laga framlegg til gudsteneste- og offerliste for hausten 2018. Framlegget vert lagt ved innkallinga.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til gudsteneste- og offerliste for hausten 2018 slik den ligg føre.